



Ing Taule AS
Karl Atle Taule
Kvassnesvn 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/999 - 15/7007

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
24.03.2015

Retur av søknad - gbnr 196/147 Midtgård

Vi viser til Dykkar søknad om oppføring av einebustad, motteken med vedlegg den 24.03.2015.

Vurdering

Etter ein førebels gjennomgang er det registrert fleire manglar ved søknaden. Manglane gjeld blant anna følgjande tilhøve:

- Omsøkt hustype er i strid med punkt 4.1 i føresegene til reguleringsplanen, jf. reguleringsplankartet (hustype 2). Det er ikkje søkt om dispensasjon
- Regulert byggegrense er ikkje skildra på innsendt situasjonsplan. Kommunen kan soleis ikkje ta stilling til plassering av byggverka på eigedomen. Det er skildra mur i naturstein i nabogrensa mot gnr. 196 bnr. 148. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå avstandskravet eller sendt inn erklæring frå grunneigar. Det er heller ikkje søkt om dispensasjon frå byggegrensa mot veg for skildra tiltak.
- «Minimums frisktssone for avkjørlser til private vegar skal vera 2 x 25 m. I frisktssone skal det vera fri sikt i ei høgd av 0,5 m over planum av tilstøytande vegar.» Situasjonsplanen manglar opplysningar med omsyn til avkøyrslse. Endringer av terrenget på eigen eigedom og støttemur vil kunne hindre friskt. Det er ikkje dokumentert at frisktskravet er stetta. Teikningsmateriellet er ikkje fagmessig utført.

Det er muleg at det ligg føre fleire manglar i søknaden.

Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. § 21-2 og forskrift om byggesak (SAK) kapittel 5. Søknaden er vurdert å vere for mangelfull til at den vert teke til handsaming.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.



10.2.11	Gebyr
Avvist sak	2.200
SUM	2.200

Avgjerd:

Søknaden vert sendt i retur uhandsama, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Ein gjer merksam på at byggesaka med dette er avslutta. Ny komplett og kvalitetssikra byggesak må sendast inn om søknad skal verte realitetshandsama.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Ing Taule AS

Kvassnesvn 33 5914

ISDALSTØ